

Gull og to bronse med Stord-smurning



Superglid: Svein Inge Petterteig jobbar med framtidens supergliderar for ski i garasjen i Hamrane. (Foto: OLAV RØLI)
annonse

+ Skismurning utvikla i garasjen til Svein Inge Petterteig sørger for ein gull og to bronse i X-games på Fornebu i mai i fjor.

21.02.2019 kl 12:55 (Oppdatert 21.02.2019 kl 12:57)



- [Hilde Vormedal Nybø](#)
- Tlf: 982 42 008

Det skriv Drammens Tidende i ei sak om selskapet Scanglide AS som satsar på fluorfrie glideare basert å nanoteknologi.

Sunnhordland skreiv ei sak om Petterteig og den spesielle skismurninga for eitt år sidan. I fjor innførte Norges Skiforbund fluorforbod for klassane til og med 16 år.

[Drammens Tidende](#) skriv at Scanglide no er i ferd med å utvikla neste generasjon supergliderar, som er eit keramisk produkt basert på

nanoteknologi. Erik Leander Paule, som er dagleg leiar i Scanglide AS, seier til avisa at dei mellom anna har sendt tre par med ski med det nye produktet til verdscupen i langrenn i Lathi.

LES OGSÅ



Stordabu vil smørja seg til suksess

– Sjølve glidaren blir produsert på Stord. Eg har ofte ideane, og så er det ein mann med kvit frakk på Stord som utvikla produkta, seier Paule.

Mannen med kvit frakk er altså Svein Inge Petterteig, som også er medeigar i Scanglide gjennom Korstevoll Gruppen AS.